

Årsmelding - Sykkel- og orienteringsgruppa i OIL 2011

På årsmøte i Osterøy IL vart det vedteke å oppretta sykkel- og orienteringsgruppe. Gruppa er medlem i begge særforbund.

Sykkel

Bakgrunn for opprettinga av sykkelgruppa var ynskje om å samla syklistane i Osterøy i eit lag, slik at ein har mogelegheit til lettare å organisera felles treningar og arrangement. Vidare her ein som mål å rekruttera nye syklistar, både unge og vaksne.

Initiativtakarane bak sykkelgruppa gjennomførte treningar, og hadde eit lag med på Bergen – Voss, men dette var ikkje offisielt i regi av sykkelgruppa.

Hausten 2011 vart det gjennomført treningar for ungdomar mellom 14-18 år. Oppmøte var ikkje stort, men det var eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Orientering

Bakgrunnen for opprettinga av orienteringsgruppa var i første omgang å arbeide for å få laga eit orienteringskart i Lonevågsområdet. Eit nytt kart er ein føresetnad for å kunne etablere aktivitet innanfor orientering.

Gruppa har hatt kontakt med folk som kan gjere arbeidet med synfaring og reinteikning av kart. Jan R Lien i Bergen har sagt seg villig til å gjere denne jobben. Lien har i år synfart kart på Voss som skal brukast i Fjord-O 4 dagars løp til sommaren. Det er førebels ikkje skrive kontrakt for arbeidet. Det er noko uklart kva totalkostnad for kartet blir, men vi snakkar om eit beløp på omlag 120 000 kr. Første del av jobben kan Lien starte med i august 2012. Orienteringskart får spelemidlar som dekkjer inntil 50% av kostnad. I tillegg har gruppa allereie fått inn kr 12 000 i kulturmidlar frå kommunen, og kr 25 000 i midlar frå Sparebanken Vest til kartprosjektet.

Styret

Styret i gruppa har vore i 2011:

Leiar: Johannes Bysheim

Kasserar: Arild Beckstrøm

Styremedlem: Ragnhild Balsvik

Bakgrunn for ei felles gruppe har primært vore å spare på behov for styremedlem all den tid begge gruppene er i ein oppstartsfase. På sikt kan det vere aktuelt å dele gruppa i to separate grupper.

Økonomi

Det har ikkje vore økonomisk aktivitet i gruppa i 2011.

Gruppa har fått inn kr 12 000 i kulturmidlar frå kommunen, og kr 25 000 i midlar frå Sparebanken Vest til kartprosjektet.